



Årsmøtelyden samla i kursenteret til SKL

Det var heile 60 medlemmer som møtte på årsmøtet i Kvinnherad sogelag i Matre i laurdag. Av nokre vert dette karakterisert som rekordframmøte. Dei vanlege årsmøtesakene gjekk svært greitt unna, og ved valet vart til dømes alle samrøystes attvalde. Audun Eik held dermed fram i styret.

Eit høgdepunkt i programmet var omvisninga i den nye kraftstasjonen til SKL i Vik. I samband med det fekk dei også ein god gjennomgang i SKL si historie. Det har no vore 70 år samanhengande anleggsdrift i SKL/Blåfalli. I dette arbeidet har dei mellom anna sprengt ut 30 km med tunellar der inne. Straumen som vert produsert der kan forsyne 100 000 husstandar.

SKL spanderte også servering på årsmøtedeltakarane, og det vert meldt om at det var knakande god betasuppe som vart servert i kantina. Sogelaget var svært takksame for den gode mottakinga dei fekk.

På årsmøtet vart det elles fokusert mykje på neste nummer av Kvinnhersminne som kjem til hausten.

Også frå Uskedalen var oppmøtet godt. Vi var representert med Bjørgulv og Margit Eik, Audun og Liv Eik, Eli Roseh Eik og Einar Gjertsen. Elles møtte det medlemer frå Utåker i sør til Ølve og Hatlestrand i nord.



[Nokre av årsmøtedeltakarane på omvisning i kontrollrommet på kraftstasjonen i Vik.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Lars Børge Sæberg